



Musikklaget er godt i gjenge. Kvar tysdag møtest dei i skulen til øvingar fylt av speglede og humør. Dei har og alt gjort unna fleire speleoppdrag. Totalt er det no 18 namn på besetningslista.

Etter jul har det på grunn av sjukdom, ubekvem arbeidstid og andre gode grunnar vore noko fråvær på øvingane. Då viser det tydeleg at eit lite korps på 18 medlemmer er sårbart. Derfor er det eit sterkt ønskje at det skal koma til fleire som ønskjer å spela i korpset!! Det trengst folk på alle instrument, men særleg på grovmessing er det eit stort behov. Dessutan er korpset stadig på jakt etter folk som kan traktera trommene. Vi veit at det er ein god del i bygda og i nabobygdene som har spela tidlegare. For desse må dette vera ein kjærkommen mulighet til å ta fram att instrumentet og gje denne flotte hobbyen ein ny sjanse. Kanskje er det og nokre innflyttarar som har lyst til å ta del i denne aktiviteten? Ein fin måte å bli kjent med bygdemiljøet på!

Dersom ein ikkje har spela blåseinstrument tidlegare, men har lyst å prøva, er det aldri for seint. I alle fall ikkje om ein kan litt notar. I den samanheng må vi nemna at eit korps som gjesta Kvinnherad for nokre år sidan hadde eit kvinneleg medlem som starta i ein alder av 73 år. Ho storkosa seg med instrumentet sitt, og hadde mellom anna solistoppgåve på konserten då vi høyrde korpset. Det går fint an!!

Absolutt alle som kan tenkja seg å vera med i korpset, må ikkje stussa. Ta kontakt!! Vi skal lova de vert godt mottekne. Dessutan får dei ein flott fritidsaktivitet. Øvingstida er kvar tysdag frå kl. 20 til kl.21.30. Denne invitasjonen går til alle mellom 18 og 100 år både i Uskedalen og kringliggjande bygder. For dei som er yngre, er skulekorpsa eit glimrande tilbod. Ta kontakt med ein av kontaktpersonane nedanfor:

Magnhild Haugland	91592757
Knut Stensletten	99551950/53486443
Lene Bergstø	91794159
Thor Inge Døssland	93288237/53486575

PS:
Det hadde jammen vore kjekt å sjå deg på øving!!!!

Thor Inge Døsland
For musikklaget